

Vis resultater

Respondent

6

Anonym

88:51

Tid til å fullføre

1. Kva gruppe?

- Gruppe 1
- Gruppe 2
- Gruppe 3
- Gruppe 4
- Gruppe 5
- Gruppe 6
- Gruppe 7
- Gruppe 8
- Gruppe 9
- Gruppe 10

2. Namn på gruppe medlemmer

Kjersti Sponås, Marit Ranveig Gjørsvik, Jan Terje K. Moen, Anita Røen Svensli, Guro Elise Husby Mogstad, Siri Skjølsvoll, Endre Talgø, Ingrid Ranæs

3. Kva konsekvensar ser de for barna ved ei eventuell endring? *

- Utslitne lærarar.
- Med same grunnbemanning, blir det færre moglegheiter til å tilpasse til dei enkelt elevane. Det er ikkje umogleg, men på grensa til umenneskeleg. Rovdrift på både born og vaksne!
- Elevane ved Mo mistar ein skule i nærmiljøet sitt og dei trygge vaksenpersonane dei kanskje allereie har ein etablert relasjon til. Kan også bli mykje nytt for borna som allereie går på SUBUS. Dette gjeld SÆRLEG om det gjeld frå hausten 2026.
- Større klassar, men mindre tettleik av vaksne som kan sjå dei, både fagleg og sosialt.
- Dårlig innelima. Mange ungar på små rom og for lite areal (både klasserom, garderobar, do og SFO). Uteområdet er allereie lite, mangelfullt og begrensande for kreativ leik.
- Fare ved trafikk. Meir trafikk i ein allereie trafikkert og tidvis uoversikleg situasjon.
- Lengre skuledag for mange - ikkje berre ved lengre reiseveg, men kanskje og "påtvungen" lengre dag ved SFO/"bussvent".
- "Spesialrom" (rom laga for f.eks. kunst og handverk og andre praktisk-estetiske fag) blir brukt til klasserom, som går utover kvaliteten ved opplæringstilbodet, sidan vi ikkje får til å drive det slik som vi vil og bør. Rom som i dag er brukt som arbeidsrom kan heller ikkje bli omgjort til klasserom utan store kostnader eller med manglar. Dei manglar f.eks. vaskar, som kan gjere det utfordrande med både enkelte fag og generell hygiene.
- Moglegheitene for å søkje seg til ein annan skule blir reduserte, f.eks. i saker som gjeld mobbing og utestenging. Om det skjer uønskte hendingar ved grunnskulen, kan dei søke seg til SUBUS. Dette blir ikkje mogleg i same grad.

4. Kva bekymringar ser de ved større fagmiljø og samling av ressursar? *

Vi ser på dette som eit slags lurespørsmål. Dette spørsmålet tek utgangspunkt i at det BLIR eit større fagmiljø og samling av ressursar, men korleis skal det fungere i praksis om det i realiteten skal kuttast i årsverk ved denne innfasinga? Dessutan kan det føre til at det blir enno meir vanskeleg å møtast og å koordinere seg.

5. Kva moglegheiter ser de ved større fagmiljø og samling av ressursar? *

Les svar på spørsmål 4. Nokre få vil nok få eit større fagmiljø, men det er berre ei teoretisk moglegheit. Enkelte elevar får kanskje tilgang på storteam og spes.ped. i større grad (men dette er allereie "sprengd" ved SUBUS i dag), men samtidig mistar dei dei trygge rammene rundt seg, og at det kanskje er enklare å følgje opp elevar med spesielle behov i mindre klassar.

6. Kva rolle spelar skulen i bygda eller nærmiljøet?

Ei stor rolle - det er både hovudpulsåra og eit lim i bygda/nærmiljøet. Dette gjeld særleg i grendene, og er ikkje like synleg i sentrum.

7. Korleis kan vi ta vare på fellesskap og tilhørigheit dersom skulestrukturen blir endra? *

Godt spørsmål. Det lurar vi og på. Dette er nok spørsmål mange i skulekrinsen Mo spør seg om i desse dagar. Det blir ein stor forskjell for ungene som eventuelt kjem. Dessutan er det meget sannsynleg at dei som kjem heller ikkje får gå vidare i same klasse - f.eks. i 2. klasse kan ikkje dei 5 elevane gå i same klasse, men delast opp i to klassar. Veldig uheldig, og ikkje ein måte å ta vare på fellesskap og tilhørigheit.

8. Kva tankar har de om skuleveg, transport og kvardagen for barna? *

Vi trur ikkje summen på auka kostnader er realistisk. Er det eigentleg mogleg å gjennomføre skuleskyssen med same tal bussar som er no? Er ikkje summen høgare? Dessutan kjem elevtalet i skulekrinsen Mo til å auke, og det blir dermed enno fleire born som skal ta bussen. Elles har vi dekt dette i spørsmål 3.

9. Har de spørsmål de ynskjer å stille til politikarane?

- Vi meiner at alt er for lite gjennomtenkt og utrekna for å kunne vedta dette med verknad frå hausten 2026. Vi har ikkje all informasjon på plass, og det er for mykje "teoretiske innsparringar" i saksframlegget. Det må i tillegg ei stor endring og ombygging til på SUBUS for å få det til. Dette er ikkje lagt vekt på saksframlegget. Kvifor ikkje?
- Vi forstår rett og slett ikkje korleis det kan vere mogleg å få til dette om berre eit par månadar. Kvifor lyttar de ikkje til oss som står i dette kvar dag?
- Er det mange av politikarane som eigentleg har vore innom SUBUS i ein hektisk kvardag? IKKJE berre sett på planteikningar eller vore innom tomme klasserom eller anna på møte og liknande.

10. Har de andre innspel?

Vi, som tilsette ved SUBUS, meiner at vi allereie har for lite areal til å drive tilpassa og ønska pedagogisk undervisning. Areal begrensar allereie den undervisninga vi ønsker å gjennomføre. Det er rett og slett ikkje plass - velkommen til å vere her ein heil dag eller berre ta ein vikartime her, for å sjå korleis ein arbeidskvardag i så små og ueigna lokale faktisk er. Vi har fleire gonger fått høyre at det er nok plass om ein ser på kvadratmeter. Vis oss korleis vi skal gjere det for å vise oss kvifor de meiner at dette er ein god idé! Vi ser på det som heilt urealistisk at dette skal bli gjennomført frå hausten 2026.

Det er og store utfordringar knytt til å eventuelt ta i bruk "gulbygget". Her må det STORE utbetringar til, blant anna eit innkapsla asbest-belegg, for lite kapasitet i toalettfasilitane, det er ikkje oppfylte krav til plassering av vindauge, OG det manglar eigna garderober på noverande tidspunkt. Dessutan er det ikkje særleg mykje "vi"-profil ved SUBUS om vi igjen skal splittast (både elevar og tilsette) og nokre elevar må gå over til gulbygget (og dei må uansett kome hit for å ha kroppsøving). Det er heller ikkje nemnd i saksframlegget kva det vil koste å flytte vaksenopplæringa for å få til dette. Og kor skal dei flytte?